



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 07.09.2017
Vår ref.: 2017/869-31
Saksbehandlar: ELIMOLV
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar 2017 - underretning om tildeling

Vi viser til søknaden dykkar om Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar 2017.

Dykkar organisasjon vert tildelt «**TS_INNVILGET**» kr i driftsstønad for 2017. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt (sjå tabell under «total fordeling»). Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 19. januar 2016 (PS 18/2016) nye retningslinjer for *Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar (sak 2015/898-44) og at desse ville gjelde frå og med 2016*. I møte 26.04.2017 i PS 54/2017 vart retningslinjene justert for punkt 3f og 4g (sak 2016/3710-53). Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å fordele tilskotsmidlane etter desse retningslinjene og legg fram fordelinga over driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar for 2017 som melding i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13.09.17.

Fordeling 2017

Ved søknadsfrist 1.mai var det komne inn 25 søknadar til vurdering. Alle søknadane vart lagt fram til fordeling. For 2017 er den totale fordelingssummen på 1 005 545 kroner. Samla fordeling 2017 er noko større enn budsjettet for 2017 grunna tilbakebetaling frå ein moderorganisasjon på vegne av ein dotterorganisasjon.

Berekning av driftstilskot

Driftstilskotet vert rekna ut frå følgjande syv faktorar til godkjente søkjarar:

- 1. Grunnstønad:** 5000 kroner per organisasjon
Til saman vert 125 000 kroner fordelt til organisasjonane.
- 2. 20 %** i forhold til kor mange kommunar i Hordaland organisasjonen har medlemmer frå.
Til saman vert 176 109 kroner fordelt til organisasjonane.
- 3. 40 %** i forhold til organisasjonens samla tal på teljande medlemmer i Hordaland
Til saman vert 352 218 kroner fordelt til organisasjonane.
- 4. 20 %** i forhold til tal på tal på kommunar organisasjonen har aktivitetar
Til saman vert 176 109 kroner fordelt til organisasjonane.

Ekstra stimulans i samsvar med føremålet for ordninga:

Organisasjonar som oppnår målsetjinga med likestilling og som arbeider aktivt for rekruttering og

medverknad av barn og ungdom til organisasjonslivet vil oppleve ein ekstra stimulans etter nemnte faktorar;

5. 5 % til organisasjonar der minimum 40 % av kvart kjønn er representert i styret.

For 2017 er det 12 organisasjonar der minimum 40 % av kvart kjønn er representert i styret. Til saman vert 44 028 kroner fordelt til organisasjonane.

6. 5 % til organisasjonar der medlemmer under 26 år er representert i hovudstyret.

For 2017 er det 20 organisasjonar som har medlemmer under 26 år representert i hovudstyret. Til saman vert 44 020 kroner fordelt til organisasjonane.

7. 10 % der teljande medlemmer utgjer minimum 50 % av det totale tal på medlemmer i organisasjonen.

For 2017 er det 19 organisasjonar der teljande medlemmer utgjer minimum 50 % av det totale tal på medlemmer i organisasjonen. Til saman vert 88 061 kroner fordelt til organisasjonane

Total fordeling:

	Søkjar	SUM
1	4H HORDALAND	66 445
2	AUF i Hordaland	35 069
3	Bjørgvin krets av Norges KFUK - KFUM speiderne	29 026
4	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	61 468
5	CISV HORDALAND FYLKESLAG	39 467
6	DE UNGES ORKESTERFORBUND HORDALAND	22 202
7	DET NORSKE MISJONSSKAPS BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJON	26 908
8	FRELSEARMEEN VESTRE DIVISJON, avd. FAbU	18 223
9	HORDALAND BARNE & UNGDOM SJAKK	17 581
10	HORDALAND KRINS AV NORGES SPEIDERFORBUND	48 783
11	HORDALAND RØDE KORS	87 931
12	HORDALAND UNGDOMSLAG	42 639
13	HORDALAND UNGE HØYRE	30 293
14	HORDALAND UNGE VENSTRE	27 596
15	Hyperion Vest	64 991
16	INDREMISJONSSAMSKIPNADEN	41 182
17	Junior- og barneorganisasjonen Juba, Hordaland krets	12 553
18	KRIK HORDALAND	56 276
19	NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND UNG Ung Region Vest	36 459
20	Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag Region Vest	28 625
21	SØNDAGSSKOLE Karmsund- Sunnhordland krets	27 672
22	Søndagsskolen Bergen krets	43 357
23	UNG I KOR - VEST	33 276
24	Ung Kyrkjesong Bjørgvin	41 076
25	UNGDOMSUTVALGET I HORDAKRINSEN DET FRIVILLIGE SKYTTERVESEN	66 447
		1 005 545

Utbetaling

For utbetaling av beløpet kan organisasjonen enten nytta elektronisk faktura i EHF-format, eller etter nærare avtale få tilskotet utbetalt direkte til det kontonummeret som er oppgitt i søknaden. De har sjøve ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Faktura må merkast med:

Saksnummer: 2017/869-31
Resursnummer: 10169

Her er link til brukarretteiing for bruk av EHF – faktura:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre – 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen organisasjonen tok i mot melding om fordelinga. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka Klage – saksnummer. Klagen må innehalde opplysningar om kva det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontroll

Hordaland fylkeskommune skal ha høve til å kunna ta stikkprøvekontrollar av oppgjevne medlemstal. Ved grove feil i søknaden har Hordaland fylkeskommune mynde til å trekkje all støtte til organisasjonen. Stønaden blir også trekt dersom ein organisasjon ikkje møter til avtalt tidspunkt for kontroll.

Vedlegg: deling 2017 og retningslinene.

Per Morten Ekerhovd
kst fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
seksjonsjef

Sakshandsamarar: Elin Molven Wilhelmsen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Fordeling 2017
- 2 Endring av retningsliner 26.04.2017
- 3 Vedtak - endring av retningsliner 26.04.2017